



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 21.09.2016
Vår ref.: 2015/791-42
Saksbehandlar: gurklyv
Dykkar ref.:

Eigenfråsegn om konsesjonsfridom. Gnr. 185, bnr. 86 og 249 i Lindås kommune.

HFK Bussanlegg Knarvik AS er heimelshavar til gnr. 185, bnr. 62, 100, 245, 86 og 249 med adresse Hagellia 3 / Litlevika 2 i Lindås kommune.

HFK Bussanlegg Knarvik AS er eit fylkeskommunalt selskap som har til formål å eige bussanlegg som skal nyttast i samband med anbodsdrift av bussrutene i Hordaland.

To av bruksnumra, bnr. 86 og 249, utgjer eit tomteområde på vel 7 mål, og arealet vert ikkje nytta som ein del av bussanlegget. Bnr. 86 og 249 skal derfor skøytast over til det utfisjonerte selskapet HFK Tomt Knarvik AS, org.nr. 917 328 862.

Vedlagt følgjer *Eigenfråsegn om konsesjonsfridom ved tileigning/kjøp av fast eigedom mv.* Ut frå samtale med sakshandsamar i Lindås kommune er det nytta alternativet i punkt 8 i skjemaet.

Skjemaet i ferdig signert stand kan returnerast til Hordaland fylkeskommune, Eigedomsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Guro Klyve
stabsleiar

Vedlegg